

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Ulvik, 03.02.2019

Søknad om stønad til Landsfestivalen 2019

Hardanger Spelemannslag står som tilskipar av Landsfestivalen 2019 i tida 8.-11.august 2019. Landsfestivalen er festivalen for dei som likar gamaldans, eller runndans som det òg vert kalla, og festivalen vert skipa til på ulike stader kvart år. I 2019 er det fyrste gongen Landsfestivalen vert skipa til i Hordaland, og Kinsarvik er møtestaden.

Landsfestivalen er ein festival der gamaldansen står i sentrum. Festivalen femner om både tevlingar i spel og dans der dei beste utøvarane i landet deltek, og dans der «kvarmann» kan få svinga seg til dei aller beste gamaldansorkestera og soloutøvarane på både fele/hardingfele, durspel og trekkspele.

Me reknar me at festivalen vil samla mellom 500-700 deltakarar i spel og dans i frå heile landet, i tillegg til lokalt og tilreisande publikum, ein stad mellom 2000 og 2500 personar. Festivalen vil òg involvera omlag 400 personar på tilskiparsida. Dette er medlemmar i Hardanger Spelemannslag og andre interesserte frå fjern og nær som stiller opp på dugnad.

Tevlingane er delte inn i ulike klassar, alt etter instrument og tal på utøvarar, - med andre ord frå solo spel på fele/hardingfele/durspel/trekkspele via pardans til gruppe- og lagspel. Deltakarane vert delte etter alder i junior og senior, og dei kan mælda seg på i heile 15 ulike klassar. I mange av klassane skal det vera pengepremiar til vinnarane.

Me som står som tilskiparar, vonar naturlegvis på at festivalen skal gje eit overskot som kan føra til tillegg til Hardanger Spelemannslag og verta brukt på mellom anna opplæring av nye generasjonar i spel og dans. Som arrangør for første gong me har me ikkje nokon garanti for at deltakaravgift, billett- og matsal vil dekka alle utgiftene våre.

Nemnda for Landsfestivalen 2019 søker difor om eit kommunalt tilskot på kr 5 000 som skal nyttast til pengepremiar til dei beste deltakarane i kvar klasse i tillegg til førebuing og gjennomføring av festivalen.

Eventuell stønad kan overførast til konto 3450.37.71200 Landsfestivalen 2019
v/Anne-Marie Øydvin, Øydvevegen 25, 5730 Ulvik

Beste helsing
Landsfestivalen 2019
Magne Velure
leiar i hovudnemnda